

Firda 26.09.1967:

# Bygdeblad for Sogn o

1. side, 45 øre på  
— Laussal 30 øre.

Tysdag 26. sept. 1967

## Bra publikumsinteresse for fylkeskappleiken i Førde.

**Jostedølane er førsterangs berarar av heimleg musikk- og dansetradisjon.**

Sjur Hesjevoll best på hardingfele,

Adolf Paulen på vanleg fele.

Sunnfjord Ungdomslag stod laurdag for arrangementet av fylkeskappleiken i felespel og ga-

## karane godveret

i flomålet, og teinene på djup-  
ikkfabrikken på Atloy har måtlageret i det som skulle vere



mal dans i Førde. Det er ei glede for oss å kunna konstatera at det i alle deler vart ei vellukka tilskipping. Mange av deltakarane her er gjerne slike som ikkje plar delta på andre kappleikar, og det har difor mykje å seia for å halda i hevd vår tradisjonsrike bygdemusikk at dei som ikkje meter på tevling i større kappleikar, kan få motast i ein fylkeskappleik. Gledelig denne gongen var det også å sjå ein langt på veg fullsett sal av publikum, og eit publikum som etter alt å døma visste å verdsetja gode prestasjonar.

Ein merka seg jostedalungen Sjur Hesjevoll si eminente framføring av bl. a. »Siklebekken«, som tydelegvis er hans stjerne- nummer, like eins ein komposisjon av 17-årige Arne Sølvsberg frå Blakset, kalla »Jubileums- marsj«, framført av Fjelljom Spelemannslag. I Sølvsberg, som var berre 14 år då han laga slåtten, ligg truleg ein komponistpire av betydeleg format.

Forutan Fjelljom Spelemannslag, som stilte i lagspel med 9 mann, var det 11 deltakarar i felespel. Det var såleis litt frå-

Framh. siste sida.

# Bra -

— Framh. frå side 1.  
fall. På hardingfele var det 8 deltakarar og på vanleg fele 3.

I klassen for dansarar deltok tre par, med kvar sine variantar av springaren. Serskilt interessant var det å sjå jostedalspringaren henta fram i lyset att. Med denne dansa Brita og Sjur Gjerde seg fram til ein førsteplass, og styrkte dermed inntrykket av jostedølene som førsterangs berarar av heimleg musikk- og dansetradisjon.

Domarar i spel var Lars Skjervheim, Voss, Samuel Bergset, Blakset, og Arne Hjelle, Førde, og i dans Ingolf Iversen, Holmedal. Etter kappleiken spela Fjelljom Spelemannslag opp til dans.

Beste prestasjon på kappleiken hadde Sjur Hesjevoll, Jostedal, som deltok i klassen for hardingfele. Han tok dermed sitt andre napp i vandrepokal oppsett av Firda Ungdomslag. Best på vanleg fele var Adolf Paulen, Alhus, som fekk Sunnfjord Ungdomslag sin pokal til odel og eige. Før har Peder Råd, Breim, og Kolbjørn Austrheim, Sandane, teke to napp kvar i same pokalen.

Premiilista vart slik:

## Hardingfele, 20—60 år:

- Sjur Hesjevoll, Jostedal, 1. pr. 178 p. (Gåvepremi frå John Grov, Førde).  
Kornelius Elkenes, Hestenesøyra, 1. pr. — 172 p. (Gåvepr. frå Førde ungdomslag).  
Petter Elde, Sandane, 1. pr. — 170,5 p. (Gåvepr. frå Gjesdal ungdomslag).  
Richard Hilde, Sogndal, 2. pr. — 153 pr. (Gåvepr. frå Naustdal Kino).

## Hardingfele, over 60 år:

- Asbjørn Sunde, Naustdal, 1. pr. 160,5 p. (G.pr. Heimeyrkeskolen i Jølster).  
Sigurd Bruflot, Naustdal, 2. pr. 125,5 p. (G.pr. Vårbod ungdomslag).  
Moses Kalland, Naustdal, 3. pr. 96 p. (G.pr. Naustdal Kino).  
Samuel Sandnes, Førde, 3. pr. — 72,5 p. (G.pr. Ingemund Solheim, Naustdal.)

## Vanleg fele, 20—60 år:

- Adolf Paulen, Alhus, 1. pr. — 165,5 p. (G.pr. Ankerleikken, Florø).  
Peder Råd, Breim, 2. pr. — 155,5 p. (G.pr. Sunnfjord Slakteri)

## Vanleg fele, over 60 år:

- Kolbjørn Austrheim, Sandane, 1. pr. — 160 p. (G.pr. Bondeungdomslaget, Florø).

## Lagspel:

- Fjelljom Spelemannslag, Fjelli, 1. pr. — 174 p.

## Dans:

- Brita og Sjur Gjerde, Jostedal — jostedalspringar — 1. pr. — 78 p. (G.pr. Kinn Sparebank)  
Astrid Juklestad, Jølster, og Norolv Ommedal, Hyen, — sunnfjordspringar — 2. pr. — 74 p. (G.pr. Dale og Holmedal ungdomslag).  
Jorunn Hopland og Vebjørn Selvberg, Blakset, — vestlandspringar — 3. pr. — 72 p. (G.pr. Sunnfjord ungdomslag og Per Norddal, Førde).